

Tap for Rosendal/Trio damene

07.05.2018



Rosendal/Trio (ArkivFoto)

Rosendal/Trio (R/T) fekk ein svært god start i denne kampen og styrte det meste av spelet i 1. omgang. R/T går til pause med 0-1 leiing. I 2. omgang tar NHH meir over spelet og trykker hardt på noko som gjev NHH 3 scoringar til sluttresultatet 3-1.

R/T kom svært godt i gang i denne kampen og etter om lag 4 minutt i 1. omgang setter Ingeborg Ljostveit ballen i mål. R/T jobba godt gjennom heile omgangen men det lukkast ikkje med å få fleire scoringar.

I 2. omgang tar NHH meir styringa i kampen og etter om lag 8 min får dei godkjent ei tvilsam scoring. Keeper til R/T hadde tak på ballen, men keeper vart skubba inn i målet.

Etter 14 minutt setter NHH eit langskot som går til side for R/T sin keeper og mål til stillinga 2-1. NHH forset og trykka på og etter om lag 70 minutt, gjev dette utteljing i ny scoring, dette etter eit langskot som lurar seg forbi R/T sin keeper til stillinga 3-1 som også vart sluttresultatet.

Også i denne kampen må R/T stilla med eit nykomponert lag. 13 av 22 spelarar er disp. til denne kampen, samt Ingrid som står opp. Årsaka denne helga var konfirmasjonar, nokre skadar og ferie avvikling.

På torsdag 10. mai er det klart for heimekamp mot Bremnes på Rosendal stadion. Trenar Tor Gundersen oppmodar alle til å komma på kamp og gje damene den støtta dei trenger.

Laget som starta i denne kampen var: Erna Mikkelsen – Anita Simensen – Kristine E. Medhaug – Thea Arason – Cecilie Håvik – Thea S. Taranger – Gørill S. Eik – Tina Skár – Sunniva Solfjell – Aria Haugsdal – Ingeborg S. Ljostveit

Innbyttare: May Beate Brakstad – Anne Marte Richardsen – Ingrid Haugsvær Årmot.

Tekst: Tor Gundersen / Hans Ordin Østebø

Foto: Rosendal/Trio (Arkivfoto)

Nett: Hans Ordin Østebø

